



Arkivnr: 2017/342-10

Saksbehandlar: Eirik Knive

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		26.04.2017

## Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområder 2017

### Samandrag

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder er forankra i Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv (2014-2020), Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder (2014-2020), Meld. St. 18 (2015-2016), *Friluftsliv - Natur som kilde til helse og livskvalitet*, Regional plan for folkehelse (2014-2025) og i Regional kulturplan (2015-25)

Føremål med ordninga:

Målet er at alle kommunar skal ha kartlagt og verdsett sine lokale friluftslivsområder innan 2018. Då vert denne kartlegginga ei føresetnad for å kunne søke om statlege midlar til sikring av friluftsområder. Det er og ønskeleg at kommunane skal bruke det ferdige datagrunnlaget aktivt i planarbeidet for å ivareta friluftslivsaktivitet i den enkelte kommune. Det er kommunar og friluftsråd som kan søkje på ordninga.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2017:	748 000 kroner
Søknadsfrist 2017:	15. februar
	KIRU 26.04.2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>

<b>2017:</b>	
Tal på søknadar:	7 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	7 søknadar
Samla søknadssum:	640 000 kroner
Tilrådd til fordeling:	640 000 kroner
Midlar til oppsøkande verksemd og oppfølgingsarbeid	118 000 kroner

### Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Bergen og Omland friluftsråd og kommunane jobbar aktivt for å få alle kommunane i fylket til å kartlegge og verdsette sine friluftsområder i tråd med Miljødirektoratet sin rettleiar M98 innan 2018. Det er krav om at søkjar lagar eit inter aktivt kart over friluftsområda og publiserer det på [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no). Kvar kommune kan søke om kr 60.000 til kartleggingsarbeidet og kr 30.000 til digitalisering av datagrunnlaget.

Til no har 22 av 33 kommunar i Hordaland starta arbeidet med å kartlegge og verdsette sine friluftsområder. I 2017 har ytterlegare 7 kommunar søkt om midlar til oppstart og gjennomføring av dette arbeidet. Desse 7 kommunane var grunnlaget for Hordaland fylkeskommune sin søknad til Miljødirektoratet 1.mars. For 2017 har Klima og miljødepartementet avsett kr. 7 mill. til denne ordninga.

Hordaland fekk tildelt kr 320.000 frå Miljødirektoratet. Det er eit krav om minimum 50% eigenandel. Fylkestinget i desember løyvde kr 428 000 til kartlegging og verdsetting av friluftsområder for 2017.

Fylkesrådmannen foreslår å løyve totalt kr 630.000 til dei 7 søkarkommunane og kr 118 000 til kompetanse i form av erfaringssamlingar, følgje opp kommunane til å nytte datagrunnlaget aktivt i planarbeid i etterkant, og motivering av dei siste kommunane som ikkje er i gang med arbeidet.

### Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 748 000 kroner over budsjettpost 10.400.450.21 til kartlegging og verdsetting av friluftsområder slik:

	Namn på søkjar	Tiltak	Tilråding
1	Ulvik kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
2	Fusa kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
3	Granvin kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
4	Fedje kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
5	Austevoll kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
6	Stord kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
7	Modalen kommune	Kartlegging, verdsetting og digitalisering	90 000
	<b>Summert</b>		<b>630 000</b>

Kompetansehevande tiltak i form av erfaringssamlingar, følgje opp kommunane til å nytte datagrunnlaget aktivt i planarbeid i etterkant, og motivering av dei siste kommunane med mål om prosjektdeltaking i 2018	118 000
<b>Summert</b>	<b>748 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. Fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*